
Fra: Ruth Ørnholt <Ruth.Ornholt@hfk.no>
Sendt: 31. juli 2018 08:38
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Kopi: Bibliotekleiarane i Hordaland
Emne: Tilskot til skulebibliotek

Til rådmannen med kopi til biblioteksjefen

Eg gjer merksam på at utdanningsdirektoratet har lyst ut midlar som ein kan nytte til skulebibliotekar. Meininga er å bidra til å utvikle skulebibliotek og styrke skulebiblioteka sitt arbeid med lesestimulering.

Ramma for tilskotet er 14 millionar kroner. Søknadsfrist er 17. september 2018.

Les meir om ordninga her: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/lesestrategi/sok-om-tilskudd-til-skulebibliotek/>

Eit av måla i Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 er at barn og ungdom skal ha tilgang til gode skulebibliotek. Eit anna mål er at barn og unge skal ha tilgang til bibliotek som er ein stad for læring, oppleving og fantasi. Skulebibliotek i grunnskulen manglar stort sett bibliotekfagleg personale, men det er døme i fylket på at ei kopling mot folkebiblioteket kan gi eit godt tilbod til fleire skular. Fylkesbiblioteket bidrar gjerne med kunnskap om ulike modellar for drift av skulebibliotek.

Venleg helsing

Ruth Ørnholt
Fylkesbiblioteksjef
Kultur- og idrettsavdelinga| fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 70 | Mob: 959 13 398
www.hordaland.no/fylkesbiblioteket